

## 7.0 Tildelingskriterier for middagstilbod

### 7.1 Formål med tenesta

Nord-Fron kommune tilbyr middagstilbod etter to prinsipp:

**A)** Brukar som av helsemessige årsakar ikkje kan lage eigen middag får levert middag heime (lovpålagt teneste).

**B)** Brukar som kan laga eigen middag men som av ulike årsakar treng å få middagstilbod for ein kortare eller lengre periode for å førebygge sjukdom kan få middag på Sundheim Bo og Treningsssenter, Kvamstunet eller få den levert heime. (ikkje lovpålagt teneste).

Tilbodet er for heimebuande eldre, funksjonshemma og brukarar med rus og psykiske lidingar.

### 7.2 Målsetting

Tenesta skal vera eit supplement for å dekkja ernæringsbehovet til innbyggjarar som av ulike årsaker ikkje er i stand til å dekkja dette behovet fullt ut sjølv, og på den måten førebyggja feilernæring og sjukdom.

### 7.3 Kriterier for middagstilbod

Følgjande kriterier ligg til grunn for tildeling av tenesta til brukarar som treng dette av helsemessige årsakar. (Ref. punkt **A.** under 7.1.)

- Brukar som ønskjer middagstilbod må søke om tenesta  
Lenke til skjema; [Søknadsskjema](#).
- Brukar må opphalda seg i kommunen.
- Brukar er heimebuande eldre, funksjonshemma og/eller har rus og psykiske lidingar.
- Brukar har heimesjukepleie/heimehjelp/miljøarbeid.
- Brukar er ikkje i stand til å laga eigen middag.
- Brukar har ikkje pårørande/annan hjelp til å lage middag.

Følgjande kriterier ligg til grunn for tildeling av middagstilbod som ein førebyggjande helseteneste ( Ref. punkt **B.** under 7.1. )

- Brukar som ønskjer middagstilbod må søke om tenesta. Lenke til skjema; [Søknadsskjema](#).
- Brukar må opphalda seg i kommunen.
- Brukar er heimebuande eldre, funksjonshemma og/eller har rus og psykiske liding.

Felles for begge:

Når brukar oppfyller kriteria over vurderas antall måltid pr. veke (1-4 måltid ) etter ei individuell vurdering av heimetenesta der ein tar omsyn til:

- Grad av fysisk og/eller psykisk sjukdom.
- Kva alternativ søkaren har dei dagane han/ho ikkje får til kjørt/laga middag.
- Brukar sin livssituasjon.
- Kva brukar kan klare sjølv.
- Akutt/tidsavgrensa behov (t.d. ved sjukdom).

#### 7.4 Tenesta sitt innhald

- Levering av middag frå kjøkkenet på Sundheim Bo og Treningscenter.
- Det kan leverast inntil 2 porsjonar varm middag og inntil 2 porsjonar kald middag i veka. Disse er for oppbevaring over ei kort periode i kjøleskap.
- Diettilpassa middag vert levert dersom det er medisinske årsaker til det.
- Felles middag kan for dei som bur i HDO bustad etter avtale tilbys i fellesareal i omsorgsbolig i Kyrkjevegen 25.

#### 7.5 Forventningar til tenesteyter

- Middag vert levert i samsvar med vedtak.

#### 7.6 Forventningar til brukarane

- Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket /.
- Brukar skal gje beskjed til Sundheim Bo og Treningscenter om ho/han skal reise bort eller av anna grunn ikkje ønskjer middag.
- Avbestilling må skje seinast kl. 12, den 1 virkedag før levering. Det vert fakturert for middag som ikkje er avbestilt innan fristen.
- Brukar må vera tilstade ved levering eller syta for at nokon tek i mot middagen, middag settas ikkje att ved døra.
- Brukar må varsle om ein treng diett eller anna type tilrettelegging mht middagsmåltidet.
- Microbølgeovn er nødvendig om heimesjukepleia skal hjelpe til med oppvarming av middag.

#### 7.7 Krav til den som leverer middag

- Den som leverer middag til heimebuande har teieplikt i alle forhold rundt brukaren.
- Den som leverer middag skal om nødvendig hjelpe til med og opne emballasje på middagen.
- Den som leverer middag varslar kjøkkenet på Sundheim om personer som ikkje er tilstade ved middagslevering. Kjøkkenet varslar evt. Heimetenesta.

- Middag som ikkje blir levert tas med tilbake til Sundheim.
- Den som leverer middag møter brukaren med respekt og på en vennleg måte.

## 7.9 Praktiske opplysningar

Kostnader:

Det (be)nyttast to satsar for middag.

- **A. Kostpris.** Brukarar som av helsemessige årsaker ikkje kan lage middag sjølv skal betale kostpris dvs. kostnader for råvarer.  
Dette gjeld punkt **A** i 7.1
- **B. Sjølvkostpris.** Brukarar som kan lage middag sjølv men som av ulike årsakar treng å få middagstilbod for ein kortare eller lengre periode for å førebygge sjukdom skal betale sjølvkostpris, dvs. det råvarer og produksjon av middagen faktisk kostar. (For at tilbodet ikkje skal bli for dyrt dekker Nord-Fron kommune ein del av kostnadene).  
Dette gjeld punkt **B** i 7.1.
- Pris per middag (sjølvkostpris og kostpris) vert vedteke årleg av kommunestyret og vert å finna på [www.nord-fron.kommune.no](http://www.nord-fron.kommune.no)
- Faktura vert sendt ut på etterskot med forfall den 20. i kvar måned.

Andre opplysningar:

- Middagen blir kjørt ut av frivillige frå Frivilligsentralen.
- All middag er merka med tilberedningsdato.
- Etter vurdering vil heimesjukepleia i særskilte høve levere middagen.
- Sundheim Bo og Treningsssenter varslar brukar dersom det blir endringar i tenesta.
- Brukar skal seie opp vedtaket dersom det ikkje lenger er behov for tenesta.

## 7.10 Saksbehandling, lovgrunnlag og klagerett

Saksgang:

- Alle søknadar skal svarast på innan 14 dagar. Svaret skal minimum vere i form av eit standard svarbrev der søkjar m.a. får vite når saka er forventa ferdigbehandla.
- All tildeling av tenester vert gjort med bakgrunn i kartlegging av brukaren sine ressursar og behov etter individuell og tverrfagleg vurdering.
- Skriftleg bekreftelse vert sendt til brukar.
- Betaling for tenesta vil koma fram i brevet.

### Klagerett:

Brukarar som meiner at dei av helsemessige årsakar har krav på middag men som får avslag kan klage. Klagefristen er 4-fire-veker frå vedtaket er motteke. (jf. pasient- og brukerrettighetsloven § 7-5.)

Klagen skal sendes til den som har utarbeidet vedtaket (adr. Sundheim Bo og Treningssenter). Klagen fører til ny saksbehandling. Dersom klager får avslag blir saken sendt til Fylkesmannen i Oppland for endeleg avgjerd.

### Reduksjon/bortfall av tenesta:

- Tenesta fell bort på heilagdagane og i helgar.
- Tenesta kan bli redusert i ferien; dette blir da avtalt med brukaren.
- Tenesta kan falle bort dersom brukarens situasjon endrar seg.

Dersom du skal søke eller si opp tenesta, har spørsmål o.l. kan du ta kontakt med: Sundheim Bo- og Treningssenter, 2640 Vinstra. Tlf. 61 21 64 00.

Lov og forskrift som regulerer tenesten;

Lov om pasient- og brukerrettigheter (pasient- og brukerrettighetsloven)  
(<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-63>)

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven) (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30>)

Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven)  
(<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10>)

Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester  
(<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2011-12-16-1349>)

Lov om helsepersonell m.v. (helsepersonelloven)  
(<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-64>)

**Tildelingskriteriene er vedtatt av kommunestyre i NFK 22.2018, sak xx/18.**

**Revidert pr. .... - sak ../20xx.**